

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/16	Kommunestyret	PS	15.09.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	14/1513

## Etablering av førebuande fellesnemnd

### Vedlegg:

MØTE I FORHANDLINGSUTVAL 7. september 2016 (2)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret vedtek å etablere ei «Førebuande fellesnemnd» som skal starta arbeidet med å førebu samanslåing og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.
2. «Førebuande fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy og får slik samansetjing (i samsvar med intensjonsavtala):

Frå Lindås kommune: 10 representantar + 10 personlege varamedlemmar

Frå Meland kommune: 6 representantar + 6 personlege varamedlemmar

Frå Radøy kommune: 5 representantar + 5 personlege varamedlemmar

3. Følgjande medlemmar vert valde frå Lindås kommune:
4. Tillitsvalde i Lindås kommune vel to medlemmar til partsamansett utval.
5. Arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som vert vedteke i dei tre kommunestyra i eit seinare møte.

### Kommunestyret - 073/16

#### KO - behandling:

Ettersendt sak: "Etablering av førebuande fellesnemnd" vart handsama i møte.

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### KO - vedtak:

<b>Fellesnemnda:</b>	
<b>Medlem:</b>	<b>Vara:</b>
<b>Krf:</b>	

Astrid Aarhus Byrknes-ordfører	Sæbjørg Hageberg Kjeka
Leif Hosøy Sleire	Odd Leif Mjøs
Asle Hetlebakke	Jørgen Herland
<b>Ap:</b> Nina Bognøy varaordfører	Dag M. Hugaas
Ståle Juvik Hauge	Hogne Brunborg
<b>Sp:</b> Anna K. Valle	Jarle Vassdal
<b>Frp:</b> Bjarte Vatnøy	Andreas Dyngen
Nina Stabell Øvreås	Anita Høgquist
<b>H:</b> Karl Vågstøl	Ingrid Fjeldsbø
<b>V+Mdg:</b> Sveinung Toft	Anita Bakken

### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Kommunane Radøy, Meland og Lindås gjorde følgjande vedtak i respektive kommunestyre 22. juni 2016:

1. Kommunestyret godkjenner framlegget til søknad om å slå saman kommunane Lindås, Meland og Radøy (vedlegg 1).
2. Kommunestyret godkjenner forhandlingsutvalet sin intensjonsavtale (vedlegg 2) som grunnlag for samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy.

I kapittel 11 «Vegen vidare» i intensjonsavtala står det mellom anna:

«For å sikra framdrift i prosessen etter vedtaket i juni vil Forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova). Arbeidstakarane skal velja ein representant frå kvar kommune som skal delta i Forhandlingsutvalet.»

Det var føresett i intensjonsavtalen at forhandlingsutvalet skulle fungera fram til fellesnemnda var oppretta.

Det er i etterkant av vedtaket kome ønskje frå ordførarane i samråd med Fylkesmannen om det vidare arbeide med kommunesamanslåinga bør skje innanfor dei rammene for fellesnemnda som er gitt i Inndelingslova.

Fellesnemnda skal etter intensjonsavtala kapittel 11 ha følgjande samansetning:

«Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast

varamedlemmar til nemnda.»

Dei tilsette sine rettar vert etter same kapittel i intensjonsavtala ivareteke av eit partsamansett utval:

«Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmar og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar.»

Forhandlingsutvalet gjorde følgjande vedtak den 7. september:

1. Forhandlingsutvalet avsluttar arbeidet med kommunereforma.
2. Forhandlingsutvalet ber kommunestyra opprette ei førebels fellesnemnd som overtek arbeidet som etter intensjonsavtalen er lagt til forhandlingsutvalet.
3. Kvar kommune vert bedne om å førebu arbeidet med å velje representantar til førebels fellesnemnd. Denne bør ha same samansetning som endeleg fellesnemnd.

### **Utgreiing**

Forhandlingsutvalet har avslutta sitt arbeid med intensjonsavtalen. Det har resultatert i ein søknad frå Radøy, Meland og Lindås om å slå kommunane saman. Dette har vert ein heilskapleg prosess som har vert styrt på same måte gjennom heile prosessen.

Kommunesamanslåinga går nå over i ein ny fase der ein skal starte arbeidet med å byggje den nye kommunen. Det vil vere ein fordel for denne prosessen om den kan verte styrt at det same politiske organet og etter same prinsipp i heile denne fasen.

Det er store prinsipielle forskjellar på korleis prosessen vært styrt gjennom forhandlingsutvala og korleis prosessen vert styrt gjennom fellesnemnda. Forhandlingsutvala opptre på vegne av kvar einskild kommune og må tilbake til eigen kommune for å forankre og gjere endelege vedtak. Fellesnemnda vil ha ein ståenda fullmakt gjennom eit felles reglement, vedtatt av kvar einskild kommune og kan til ein kvar tid ta avgjerder innanfor denne fullmakta. Fellesnemnda tar prinsipielt avgjerder på vegne av den nye kommunen som ein heilskap og ikkje for kvar einskild kommune. Forhandlingsutvala har fungert godt når målet i prosessen har vore å kome fram til ein felles intensjonsavtale for dei tre kommunane.

Kommunestyrene i dei tre kommunane kan gi dei same fullmaktene til ei førebels fellesnemnd som Inndelingslova gir den endelege fellesnemnda. Dette inneber at fellesnemnda kan drive sitt arbeid uavhengig om fullmaktene kjem frå kommunestyra direkte eller gjennom forankringa i Inndelingslova.

Kommunestyra bør gi den førebelse fellesnemnda dei same fullmaktene og arbeidsoppgåvene som er omtala i Inndelingslova § 26. Vidare bør kommunestyra vurdere kva andre fullmakter og oppgåver ein ønskjer å delegere gjennom eit eige reglement. (Inndelingslova § 26 4. ledd: «Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga.»)

Det er allereie gitt føringar for oppretting av fellesnemnda i intensjonsavtala og desse må leggast til grunn også for etablering av den førebelse fellesnemnda.

Val til førebuande fellesnemnd føl reglande i kommunelova. Viser spesielt til § 35 4. ledd i lova.

